

Saksinnstilling til årsmøte i Laget Vårsøg

Sak 5a: Avvikling av Laget Vårsøg

Bakgrunn:

Laget Vårsøg har gjennom 30 år utvikla Vårsøghelga til å bli ein svært populær kulturfestival med høgt kvalitetsstempel, stor kunstnarleg spennvidde og god økonomi. Styret i Laget Vårsøg vil spesielt framheve dagleg leiar Anders Larsen og kunstnarleg leiar Henning Sommerro sin store innsats for å stadig hente nye impulsar utanfrå til Vårsøghelga og Surnadal. Programmeringa av Vårsøghelga viser alt anna enn navlebeskuande gjentakingar.

Artistar/aktørar, teknikarar og frivillige, har lagt ned ein uvurderleg innsats i alle år. Støtten frå lokalt næringsliv og offentlege aktørar speglar den profesjonaliteten og dedikasjonen som kjenneteiknar kulturfestivalen Vårsøghelga slik vi kjenner den i dag.

Ordføraren si kunngjering 23. september med påfølgande vonde personlege historier i både lokalpresse og riksmedia, gjer at plattformen og identiteten for Laget Vårsøg og Vårsøghelga no er hardt ramma, uavhengig av programinnhald.

Vurdering:

Slik situasjonen har utvikla seg står Laget Vårsøg og Vårsøghelga no i ein uløyselig skvis. Styret ser ikkje nokon annan veg enn gå inn for at Laget Vårsøg med kulturfestivalen legg inn årene permanent. Vårsøgplattformen er blitt - og blir - tett assosiert til personlege tragediar. Dette kan vi ikkje råd med eller komme utanom. Plattformen og identiteten - og ikkje gløym merkevaren, er kritisk skada og kan ikkje byggast vidare på.

Lokalsamfunnet kor Vårsøghelga blir arrangert er blitt knytt til ei framstilling på samfunnsnivå om ei bygd der «alle» i alle år visste alle detaljane i det som no blir fortald, men ikkje sa eller gjorde noko. Ei slik unyansert framstilling kjenner ikkje styret seg att i.

Vi opplever no at artistar vi hadde på blokka ikkje vil komme til Surnadal og Vårsøghelga på grunn av Hyldbakk-saka. Også dette er med på å gjere vidare arbeid umogleg, sjølv på høgt kunstnarleg og frittståande nivå. Vi vil heller ikkje risikere å såre, vekke vonde minner eller skape assosiasjonar vi ikkje rår over.

Det er tid for å tenke nytt og bruke dei gode kreftene vi har bygd opp i Surnadal på å skape ei ny plattform for kulturopplevingar på profesjonelt nivå som utfordrar, samlar og reflekterer samfunnet og tida vi lever i. Styret vil foreslå å vente eit par år før ei eventuell ny plattform blir

organisert og lansert. Til slutt vil vi takke vårt kjære publikum for at vi fekk dele så mange minneverdige og storslagne kunst og kulturopplevingar med dykk alle.

Dagleg leiar og kunstnarleg leiar støttar styret si vurdering og innstilling til årsmøtet.

Forslag til vedtak:

Årsmøtet vedtar at:

- Laget Vårsøg blir avvikla etter gjeldande prosedyrer og avtalar
- Kompensering i tråd med allereie inngåtte avtalar med artistar for 2026 må bli avklart og gjort opp. Dagleg leiar gjer avtalar med artistane det gjeld.
- Styret ved styreleiar og nestleiar utarbeider ein sluttavtale med dagleg leiar.
- Restrerande økonomiske midlar går til eit fond i Surnadal og Rindal kulturskule øremerka satsing på unge talent.
- Statuttane for dette fondet blir utarbeidd i samarbeid med kulturskulerektoren.